



Klede og utstyr i Plassebakken barnehage

Plassebakken Barnehage SA er ein barnehage der vi nyttar grillhyttene og nærområdet til tur, dessutan er vi mykje ute på leikeplassen. Det å vere mykje ute, spesielt i naturen, gir barna utfordringar vi ikkje får til inne i barnehagen sine lokalar. Vi ønskjer at borna skal få gode erfaringar i og med naturen, og det å kle borna riktig er med på å auke trivselen ute. Det er såleis viktig at du sender med bornet ditt det utstyret han/ ho har behov for i ein aktiv kvardag.

Vi har laga nokre tips til dykk som omhandlar klede og utstyr på bakgrunn av våre erfaringar. Dette er ikkje for å skape kjøpepress, heller for å sette fokus på praktiske løysingar.

NB: Ikkje løp og kjøp, men bruk gjerne tips frå dette skrivet når de handlar neste gong. Følg med på gode tilbod gjennom året, og tenkt litt fram i tid, så kan du spare mange pengar.

Sjekk også appen **La Vandre**. Barnehagen har ein gruppebrukar der, og koden vår er **26Y5L**. Kan hende finn du brukte klede som framleis er gode til barnehagebruk til ein rimelig penge. Du kan også selje kle og utstyr der sjølv. Les meir her:
<https://www.lavandre.no/barnehage>

TRELAGS- PRINSIPP:

Vi deler påkledning i tre lag: Innerlag, mellomlag og ytterlag. Desse tre laga har ulike funksjonar:

1. **Innerlaget:** Tynne ullklede som held på varmen og transporterer vekk fuktigkeit frå kroppen. Bomull er uegna som klede om vinteren, då det fort blir vått av svette/vann og ikkje isolerer eller får fukta vekk. Barn som ikkje likar/tåler ull: Det finnes variantar som ikkje klør. Hugs ullsokkar når det er kaldt!
2. **Mellomlaget:** Ull eller fleece. Om ein nyttar fleece, kan det vere greit med eit tynt og eit tjukt plagg som kan supplere kvarandre. Mellomlag i ull nyttast etter behov; nokon barn er varme, medan andre er kalde.
3. **Ytterlaget:** Skal vere vindtett. Det er viktig at dressen gir god bevegelse for barnet og held vind ute. Det er ikkje berre dressen som held barnet varmt, men den totale påkledninga.

Dette gjeld sjølv sagt når det er kaldt ute 😊

Klede generelt

Stive dongeribukser er lite gunstig i barnehagen og det er lite behageleg i ein aktiv barnehagekvardag. Dei gir ingen varme om vinteren og er klamme om sommaren.

Kle på ungane det som er praktisk å skulle ha på seg når dei skal ut. Det er ikkje alltid så motiverande for ungane å måtte kle av seg dongeribukse og bomullstrøye, før dei skal kle på seg fullt ustyrt før dei kan gå ut. Då er det lettare for dei om dei allereie har ullundertøyet på når dei kjem til barnehage. Her er det heilt vanleg og veldig praktisk å leike seg i berre ullundertøyet inne ☺. Dette gjeld sjølv sagt i den kalde delen av året.

Hettegenserar er klumpete og ubehageleg under ytterklede, og hetter som ikkje er avtagbare, kan innebere kvelningsfare om borna heng seg fast i noko.

Det kan av og til vere freistande å kjøpe klede som borna kan vekse inn i, spesielt dersom kleda/ utstyret er litt kostbare. For dei aller yngste borna som akkurat har lært seg å gå, kan for store ytterklede og sko/støvlar, gjere det vanskeleg å bevege seg godt. For store mellomlagsklede blir ofte klumpete under yttertøy. Følg med på salg, eller bruk La Vandrepappen vår for gode bruktskjøp, i staden for å kjøpe alt for stort.

Ytterklede bør generelt ikkje vaskast for ofte, då det slit på kleda og impregneringa. Spyl heller av og tørk.

Ulltøy

Ull er gull! Ull er mjukt og elastisk, og perfekt til leik og rørsle. Ull har ein isolerande effekt som gjer at bornet ditt held på varmen også når det er i mindre aktivitet. Vi anbefaler trøye/body, stillongs og sokkar. Det kan vere betre med stillongs enn strømpebukse, då det er lettare å skifte om ein berre skal bytte sokkar.

Regnklede

Det er viktig at det ikkje er for stivt – spesielt for dei aller yngste. Når ungane blir eldre, tåler dei betre stivare regnklede, då har dei også behov for meir slitesterke klede. Det er lurt å sjå etter regnklede der hetta er mogleg å ta av. Dette kan vere med å hindre at barna ikkje heng seg fast i busker og tre. Sjå til at reimar og stroppar ikkje er for lange. Det er viktig at det er strikk under skoa, slik at dressen ikkje sklir opp. Dette får ein kjøpt som metervare, eller evt. ekstra-utstyr, og er forbruksvare for barn i barnehage. Pass på å følg opp borna sine regnklede, elles vert det lett vått og kaldt.

Dressar

Tjukke eller tynne? Dette er ein smakssak, avhengig av temperatur og kva ein har under. Tynne dressar er meir fleksible med tanke på ulike vêrtypar. Dressar bør vere vatn og vindtette, men òg kunne puste. Desse bør også ha strikk under føtene og vere vanntette under rumpa og på knea. Det anbefalast å impregnere dressane med jamne mellomrom, då impregneringa forringast ved vask. Dressen må gi rom for bevegelse, men ikkje vere så stor at barnet snublar i beina ☺

Vottar

«Heimestrikka» ullvottar med lange overtrekksvottar kan vere eit godt alternativ til pol-vott, då pol-vottar ofte gir dårlig grep for dei yngste. «Mjuke» pol-vottar er betre enn dei som er stive, og for dei yngste er vottar med glidelås i overkant nyttig, slik at tommelen kjem lettare på plass. Tenk «bevegelighet»/ rørslebehov på handplagg, elles blir dei lett tatt av. (Bornar må til dømes kunne gripe rundt ei spade). Det er viktig med nok skift av vottar og at dei vert vaska og tørka jamleg. Det er lurast å kjøpe vottar som kan vrangast, slik at dei tørkar raskare og ikkje blir sure.

Lue

Barn har ulike passform på hovudet, og ikkje alle luer sitt like godt på alle born. Det er derfor lurt å prøve hua på når ein kjøper nytt. Ei lue bør sitte komfortabelt, men ikkje for stramt. Den bør dekke øyrene og panna, spesielt i kaldt ver. På kalde vinterdagar er ull, evt. fleece, ideelt då dette materialet gir god isolasjon. Tekniske huer beskyttar mot regn og vind, og ved mildare ver, kan bomull vere komfortabelt. Mange ønskjer å bruke ull året rundt, men då sjølvsagt med ulik tjukkleik.

Sko

På haust/vår og sommar treng borna joggesko og støvlar med evt. ullsokkar. Sandalar er fine i varmen. Om vinteren treng barna vintersko som pustar. Når det er kaldt, er det best med ankel- høge sko så ein ikkje får snø i skoa. Gore-Tex sko eller skinnsko treng vedlikehald (impregnering/ sko-fett og vask og tørring), men er likevel det beste alternativet om vinteren.

Ekstratøy

Det er viktig med ekstraklede. Følg med i boksa i gangen om det er nok klede. To skift er passeleg. Nokon treng kanskje meir enn det som er på lista, og det er viktig at de tek ansvar for å følge med på dette.

Sekk

Når ein startar i barnehage, er det praktisk å kjøpe ein sekk som bornet kan ha drikkeflaske og smukk i. Sjølv på småbarnsavdeling er borna på tur, og vi legg opp til at dei skal få vere med å bere eigne sekkar så tidleg som mogleg. Sekken bør ikkje vere for stor, mellom 6 -10 liter. På storbarnsavdeling, frå ca. 3 år, kan det vere praktisk å ha ein litt større sekk, ca. 12 liter. Det er viktig for trivselen på tur, at sekken sit godt på ryggen. Den bør ha støttereimer over hofter og brystkasse.

Vogn med tilbehøyr

Det er ikkje naudsint med fancy og moderne barnehage - vogner, men viktig at den er god å ligge i. Barnet bør ha pose etter årstid, og eit ekstra teppe som kan nyttast til å regulere temperatur. Hugs også mygnetting og regntrekk som passar til vogna. (Det fins mange ulike, og ikkje alle passar til alle vogner).

Dette må barnet ditt ha i korga si til ei kvar tid:

To fulle skift etter årstid.

| HAUST / VINTER | VÅR/ SOMMAR |
|---|--|
| Stillongs Ullsokkar (tynne/ tjukke) Ulltrøye/ ullbody Joggebukse Fleecesett/ Ullsett (til mellomlag) Vottar (Også regnvottar) Lue | Shorts / tights evt skjørt/ kjole Sokkar Body/ trøye/ t- skjorte Joggebukse (Tynt) fleesesett/ ullsett (til mellomlag) Tynne vottar/ hanskar + regnvottar Tynn lue |
| <u>I tillegg må borna ha tilgjengeleg:</u> Vintersko Vinterdress Regnkledde | <u>I tillegg må borna ha tilgjengeleg:</u> Støvlar/ joggesko/ sandalar Parkdress (tynn dress) Regnkledde |

NB! MERKING:

Det er viktig å merke kleda til barna med barnets namn! På barnehagen ligg det mykje klede som vi ikkje finn rett eigar til, då dei ikkje er merka. Merkelappar eller stempel kan ein bestille på internett, men merketusjar fungerer like godt. Obs: stempel har eit avgrensa bruksområde då det visast därleg på mørke klede og får ikkje alltid plass på vaskelappane.

Har du spørsmål om klede og utstyr, eller eventuelt ord og uttrykk i teksten, ikkje ver redd for å spørje oss på avdelinga 😊